



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

Sandøy kommune

Dato: 5 mai 2017

*FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påvirker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Friluftsrådet Ålesund og Omland, fylkets tre turistforeningar, fylkets 4 speidargrupper og 4 HMøre og Romsdal tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonene mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.*

## **Uttale - søknad om havbeite av hummar på Senholmane i Sandøy kommune**

Vi viser til høyring med uttalefrist 16.05.2017 på oppstart av planarbeide for havbeite av hummar på lokalitet Senholmane i Sandøy kommune.

Hausten 2016 las vi i avisa om eit folkemøte knytt til havbeite av hummar i Sandøy. Vi tok då sist haust ein førespurnad til Sandøy kommune den 30.09.2016 og bad om å få sjå saksdokumenta samt uttrykte vår bekymring for mellom anna allemannsretten knytt til havbeite av hummar. I svaret frå kommunen av 20.10.2016 (dykkar ref : 16/318) blei det uttrykt at dette var eit prosjekt under utvikling og at det ikkje var noko dokument i saka enno for innsyn. Sett i dette lyset vil vi i vår uttale sjå på denne høyringa som ei oppstartsmelding og at sjølve høyring kjem eventuelt etterpå.

Når vi no les dokumenta som er til høyring er vi litt forundra på at vi ikkje er opplyst av Sandøy kommune om til dømes søknaden frå Norsk Hummer AS av 19. september 2016 om løyve til fangst av inntil 75 rognhummer til planlagt havbeiteprosjekt i Sandøy kommune. Vi hadde jo trudd at Sandøy kommune fann det naturleg å sende over til oss dei dokumenta som vedrørte saka teke i betraktning vårt konkrete førespurnad om å blir orientert.

---

**Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal**

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Mob: 46 43 14 27 E-post: [moreogromsdal@fnf-nett.no](mailto:moreogromsdal@fnf-nett.no)

Kontonr. 15038891569 [www.fnf-nett.no](http://www.fnf-nett.no)



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

Innleiingsvis vil vi seie at vi meiner å sjå at havbeite for hummar må betraktast som eit heilt nytt interesseområde i vårt fylke. Vi meiner å minnst for ein del år tilbake ein ide om noko liknande rundt Tautra i Romsdalsfjorden som også møtte stor lokal motstand blant sjøbrukarar og stoppa opp.

Då vi betraktar havbeite av hummar som nytt tek vi høgde for at vi i denne fasen av prosessen ikkje greier å sjå alle sider av denne utfordringa.

Når det gjeld sjølve tanken om havbeite av hummar må vi seie at vi har eigentleg venta på neste forsøket på dette i fylket vårt. Vi hadde difor venta at søknaden hadde ein tilnærming til lokalisering og arealstorleikvurdering som var litt meir profesjonelt no. Samstundes ser vi at ein kan ikkje vente for mykje av ein søkjar med lite ressurar. Slikt sett bør dei offentlege sjø- og fiskerimyndigheiter bli meire synlege som rådgjevarar for dei som har ein ide om å skape seg ein plass i fellesskapet sitt areal og hjelpe til å få fram alle sider i prosessen.

Vi meiner å tolke at det omsøkte arealet er mykje likt nytta som anna areal langs kysten til vanleg teinefisket etter hummer og krabbe, uttak av skjel og fising av hobbyfiskere og av profesjonelle. Som det blir sagt i rapporten laga til denne søknaden;» *Fangst under et aktivt hobby og yrkesfiske etter hummer, krabbefiske, sei og tyr, indikerer imidlertid at området har en naturlig sammensetning av den makrofauna som er naturlig for dette området.*»

Vi les i dokumenta at det ikkje vil vere behov for innretningar hverken på land eller sjø og at hummaren ikkje skal forast. Vidare les vi at ; « *Det vil være åpent for all ferdsel i området, og kan fiskes med de midler som er beskrevet i Havbeiteforskriften.* » Når ein tek i betraktning at søkjaren ikkje vil «kultivere» hummaren kan ein jo lure på om dette er akvakultur/havbeite i det heile ? Kanskje det meir skal omtalast som eit «slipp og fang» av eigenprodusert hummar og eit eige fangsfelt for «villhummaren» ?

Vi ser i arealplana for Sandøy kommune 2015-2027 at det omsøkte arealet er avsatt til; «*V 5.4 Bruk og vern av sjø med tilhøyrande strandsoner.* « I føresegnene står det at; « *Sjøområda, område V, er lagt ut til allmenn fleirbruk, ferdsel, fiske natur- og friluftsområde inkludert akvakultur.* « Vi meiner å lese at å avsette eit så stort areal til havbeite ikkje ligg inn under det som er omtala som akvakultur i arealplana. Med akvakultur i denne settinga meiner ein ei tradisjonell mære/innretning i sjø av begrensa omfang. Prinsippielt er ikkje ein type havbeite, som innbefattar slik eksklusiv bruk av eit så stort areal som omsøkt, ikkje i tråd med gjeldande arealplan.

Vi ingen fordeler med å manipulere dei lokale hummarbestandane med klekkeri- og oppdrettsverksemd. All erfaring vi har innan oppdrett i kongeriket historie tilseier at det ikkje er lurt å begynne å tukle også med hummaren. Vi les i søknaden at det er planlagt å fange rognhummar i Sandøy medan klekkeriet er tenkt i Stavanger ? Det er diverre stor sansynlegheit for at noko går gale i denne menneskelege handteringa knytt til genetikk,

---

**Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal**

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Mob: 46 43 14 27 E-post: [moreogromsdal@fnf-nett.no](mailto:moreogromsdal@fnf-nett.no)

Kontonr. 15038891569 [www.fnf-nett.no](http://www.fnf-nett.no)



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

sjukdom o.l.. Det er alt for langt mellom Sandøy og Stavanger og dessutan er det best å unngå menneskeleg handtering av hummaren i det heile.

Slik vi les søknaden tolkar vi denne til at søkjaren ber om å få ein eksklusiv rett til å fangste hummar i det omsøkte arealet. Vi finn dette tvilsomt reint folkerettsleg ved å gi nokon få (ein) fordeler medan alle andre (ålmenta) blir fråteken sine rettar og moglegheiter i ei felles allmenning. Utfordringa her er jo at ein vil gi eigedomsrettar til dagens felles ressursar for det er jo det som i praksis skjer ved eventuelt tildeling av «konsesjon for hummar» som det er gjort ved oppdrett-/fiskerikonsesjonar. Vi fryktar at privatisering av hummarfiskerettigheit er irreversibel. Vi finn det rett at framtidens generasjonar må bli representert ved fordeling av rettar i dagens ressursar (her hummar) og vil be om at dette blir satt opp i eit langsiktig allmenningssystem. I eit slikt allmenningssystem legg vi i botn bærekraftig ressursutnytting og som definerer kven som har legitime rettar i ressursen og korleis ressursen skal haustast.

### Konklusjon

Havet og fjordane i Norge er ein felles allmenning som alle er medeigar i. Frå før har rikingane tent absurde mengde pengar på vår felles allmenning innan fiskeri og oppdrett. Vi finn det rett at framtidens generasjonar må bli representert ved fordeling av rettar i dagens ressursar (her hummar) og vil be om at dette blir satt opp i eit langsiktig allmenningssystem. Vi meiner at søknaden er i strid med gjeldande arealplan for Sandøy kommune for 2015-2027 og må avslåast aleine av den grunn. **Vi meiner at vi ikkje er tent med å gi konsesjon for havbeite for hummar på Senholmane då dette medfører store ulemper for ålmenta og fort kan gi presedens for nye eksklusive rettar i allmenninga.**

Helsing

Ingbjørn Bredeli  
Koordinator Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Kopi:  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal